



Informasjon til oppdragstakarar i Aktiv Fritid i relasjon til Koronavirus

Som støttekontakt i Aktiv Fritid har de sidan 16.03.20 fått beskjed om å ikkje utføre oppdraget dykkar som ledd i si det smittevern førebyggjande arbeid til Kvinnherad kommune. Nokre har likevel hatt digital kontakt etter rettleiing frå Aktiv Fritid. Vedtaket som stoppa støttekontaktoppdraga gjaldt fram til 13.04.20.

Kommuneoverlegen har frå og med dette, 14.04.20, vurdert at nokre støttekontaktar kan ta til att med oppdraget sitt etter ei individuell vurdering og med visse restriksjonar.

Dersom du som støttekontakt er i tvil om restriksjonane, om du treng råd, rettleiing eller har spørsmål til dette bes du ta kontakt med din rettleiar i Aktiv Fritid. Hugs at det kan vere at tenestemottakar ikkje ynskjer besøk sjølv om det no vert mogleg for nokre, samstundes kan det vere at støttekontaktar sjølv er i risikograppa og ikkje ynskjer å utføre oppdraget. Vi ber då om at du tek kontakt med din rettleiar i Aktiv Fritid. Restriksjonane vil kunne endrast på kort varsel i tråd med den fortløpande lokale vurderinga og føringar frå regjeringa.

- Dersom støttekontakt eller den som får hjelp er i heimekarantene, heimeisolering eller har luftveisinfeksjon skal ikkje oppdraget utførast. Ved luftveisinfeksjon skal ein vente til minst 1 døgn etter ein er heilt frisk før oppdraget kan utførast att.
- Det er framleis besøksforbod på institusjonar, bufellesskap og omsorgsbustader. Personar som bur i ein av desse vil difor ikkje kunne motta tenesta. Dette gjeld sjølv om ein vil kunne møtast utandørs ettersom ein ynskjer minst mogleg sirkulasjon og kontakt mellom personar i desse bustadane og tenestene.
- Tenestemottakar som treng hjelp til forflytting og/eller anna fysiske hjelp som gjer at restriksjon om å halde avstand på minst 1 meter, helst 2 meter, ikkje kan gjennomførast kan ikkje motta tenesta.
- Tenestemottakar må vere i stand til å forstå og å gjennomføre generelle smittevernrutinar frå FHI (avstand, handhygiene, hostevanar).
- Støttekontaktar som er helsepersonell og i arbeid i helse- og omsorgstenestene skal ikkje utføra oppdrag som støttekontakt.
- Møter skal som utgangspunkt gjerast ute. Der møter utandørs ikkje er mogleg, vil ein kunne møtast også inne dersom ein kan halde avstand på minst 2 meter, samt det vert vurdert forsvarleg med omsyn til smitte.
- Gruppetilbod kan gjennomførast dersom det er maksimalt 5 personar til stades og med dei same restriksjonar som elles med omsyn til avstand og smittevern.

Generelle reglar og retningslinjer:

Støttekontakt og tenestemottakar skal heile tida halda ein avstand på minst 1 meter, helst 2 meter. Det medføra mellom anna at ein ikkje kan ta bilturar saman. I den grad oppdraget kan gjennomførast ved hjelp av telefonsamtale, videosamtale og anna digital aktivitet (spel, konsertar og anna) vert det rådd til å finne måtar å halde kontakt på som gjer at ein ikkje treng å møtast fysisk. Vi ser samstundes at dette er vanskeleg for nokon, og heller ikkje i tråd med det den einskilde treng hjelp og støtte til. I dei tilfella opnar vi no altså opp for at nokon kan ha fysiske møter med aktuelle restriksjonar. Slik kan ein til dømes ta ein tur i skog og mark eller liknande.

Vi minna elles om at dei generelle råda om smittevern framleis gjeld.

Oppdatert informasjon om fakta, råd og tiltak frå Folkehelseinstituttet finn ein her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/>